

Varicella-zoster virus (VZV)

Analysemetode

PCR, eigenprodusert

Indikasjon

Mistanke om Varicella-zoster-virus-meningitt/encefalitt.

Lesjon mistenkt for Varicella-zoster-virusinfeksjon (Varicella, herpes zoster).

Prøvetaking

Spinalvæske ved mistanke om VZV-meningitt/encefalitt.

Sekret frå lesjonar Følgande førebuing gjerast før prøvetaking:

- Blemmer: Stikk hol med steril sprøytespiss
- Sår: Fjern evt. puss i overflata utan å forstyrre botnen av lesjonen.
- Skorper: Fjernast med steril sprøytespiss

Prøvetaking gjerast med bruk av pensel i UTM-kit. Skrap godt i botnen av lesjonen med penselen. Plasser penselen i transportmediumet og knekk av skaftet på indikert knekkpunkt. Skru på kork og oppbevar prøven i kjøleskåp før sending til laboratoriet.

Prøvetakingsutstyr

Spinalvæske: NUNC-rør:



Sekret: UTM-RT kit 1 ml:



Prøvevolum

Spinalvæske: Minimum 450 mikroliter

Oppbevaring før transport

Kjøleskåp. Spinalvæske leverast raskt, hastar.

Haldbarheit

UTM-kit (sekret): 4 døgn. Eldre prøvar vurderast.

Vurdering i laboratoriet

Påviser DNA frå Varicella-zoster virus.

Forventa analysetid

Analysen blir utført 1-2 gongar pr veke. Spinalvæsker vert prioriterte.

Feilkjelder

For å oppnå sikrast resultat for undersøkinga, bør prøven takast tidligast mogleg i forløpet, helst før skorpene kjem.

Utførast av

Molekylærbiologisk eining

Fagområde

Virologi

Rekvisisjonsskjema

Skjema HF 1084

Skjema HF 1088

Medisinsk fagleg ansvarleg

Reidar Hjetland

Sist oppdatert

11.10.2016 Gro Øren